



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Oldedalen

Dato: 08.06.2026

Tidspunkt: 10:30 -

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Baard Helle Bolstad	Mariel Eikeset Koren	Gloppen kommune

Merknader:

Nasjonalparkstyret fekk informasjon om planar for reiselivet i Oldedalen.

Nasjonalparkstyret var også på synfaring i Brenndalen, Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Sunndalen gard og Sunndalssætra på denne samlinga.

På samlinga var også Anne Rudsengen, SNO.

Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Baard Helle Bolstad

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 19/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 21/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane		2026/10017
ST 22/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Evaluering av rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark - 2026		2026/9902
ST 23/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 4/2026		2025/16018
ST 24/26	Eventuelt		

ST 19/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Samrøystes vedteke.

ST 20/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Baard Helle Bolstad vart føreslegen til å skrive under protokoll saman med styreleiar.

Vedtak

Baard Helle Bolstad vart vald til å skrive under protokoll saman med styreleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 21/26 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Orientering av saka frå forvaltar.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre delegerer vedtaksmynde til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstypar:

- 1.Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om motorferdsle i verneforskrifta §IV nr. 4.3.
- 2.Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :
 - a.Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
 - b.Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
 - c.Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
- 3.Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
- 4.Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av verneområdestyret, eller endre fristar på eige initiativ.
- 5.Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.

6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.

7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilagge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treff delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.

Samrøystes vedteke.

ST 22/26 Jostedalsbreen nasjonalpark - Evaluering av rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark - 2026

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Orientering av saka frå forvaltar.

I handsaminga vart det føreslege at også dei to friluftsråda kring Jostedalsbreen nasjonalpark bør inviterast inn i rådgjevande utval. Dette vart samrøystes vedteke.

Styret ville også påpeike at det er ønskjeleg med ein felles møteplass mellom styret, rådgjevande utval og administrativt kontaktutval.

Innstilling frå forvaltar med omtalte tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ny samansetting av rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark er (1 representant frå kvar organisasjon):

-FNF (Forum for natur og friluftsliv) Sogn og Fjordane

- Luster Turlag/Sogndal Turlag (ny)
- Indre Nordfjord Turlag/Indre Sunnfjord Turlag/Midtre Nordfjord Turlag (ny)
- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet (ny)
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
- Visit Sognefjord
- Visit Nordfjord
- Visit Fjordkysten og Sunnfjord
- Norsk Bremuseum
- Breheimsenteret
- Jostedalsbreen nasjonalparksenter
- Statsforvaltaren i Vestland
- Fjordane friluftsråd (ny)
- Sogn friluftsråd (ny)

Forslaget inneber at Naturvernforbundet og DNT Sogn og Fjordane ikkje blir direkte representert i rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det er ynskjeleg at administrativt utval har møte same dag som rådgjevande utval, slik at ein får ein felles møteplass.

Samrøystes vedteke.

ST 23/26 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 4/2026

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande.

ST 24/26 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.06.2026

Handsaming i møte

Ingen saker på eventuelt.

Vedtak